# Referat



**Møtetype og nummer: styremøte**
**Dato: 09.03.2026**

**Tilstade: Liv Grete Stokke, Jan Egil Gretland, Bodil Tvergrov, Cato Aurstad, Kristian Maude**

**Tid: 19.00-21.30 Skrivar: Arnt-Helge Bjerknes**

**NR. Innhold Ansvar Vedlegg**

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| 1 | Permisjon frå stillinga si:<br><br>Permisjonssøknader vil bli behandla etter arbeidsmiljølova **§12. Rett til permisjon**<br><br>Dagleg leiar svarar på eventuelle søknader, er det tvil vil tillitsvalgt og /eller styreleiar bli rådført | | |
| 2 | Permisjonssøknad<br><br>Styret ser ikkje at det er grunnlag for å gi permisjon i dette tilfellet. Barnehagen kan ikkje holde på ei fast stilling når vi alt har for mange tilsette slik det er frå August 2026. Vi ynskjer søkjar all lykke til i ny jobb. Takkar for mange gode år ilag. Blir det ledige stillingar her seinare kan vedkomande søkje på lik linje med alle andre | | |
| 3 | Pleiepengar:<br>Styret vedtar å kunne gi forskot på pleiepengar for inntil tre månader, etter dei tre månadane må den tilsette søkje NAV om utbetalinga.<br>Dei/den som alt har pleiepengar i dag skal få dette utbetalt frå barnehagen ut den søknadsperioden som lik inne pr. 09.03.26, etter at den søknadsperioden er over, må den tilsette få dette utbetalt via NAV | | |
| 4 | Abel Helse ABEL Helse \| Inkluderende helseveiledning for hele bedriften (abelhelse.no)<br><br>Ingborg Nupen var på styremøte og presenterte kva dei står for<br><br>Styret ynskjer at ein kartlegg blant personalet om dette er noko dei ynskjer å delta på. Sett som grense at minst 18 | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | tilsette må delta. Dagleg leiar legg ut ei sak om dette på tavlepost til personalet, svarfrist 15.3 | | |
| 5 | Opptak 2026:<br><br>Før opptaket var det 23 ledige plassar under tre år. Og eit barn over tre år.<br><br>Kom ikkje inn søkjara over tre år, så vi har ein plass ledig.<br><br>Vi fekk inn 17 søknadar på barn under tre år, som hadde oss på 1. val<br><br>I tillegg kunne vi gi tilbod til 6 barn (under tre år) som hadde oss på 2.-4. val<br><br>21 av 23 har pr. 9.3 svart ja til tilbodet<br><br>14 av barna skal starte i August, 3 skal ha startdato i Oktober og dei 6 siste kjem i Desember<br><br>Utfrå barnegruppene til hausten vil i trenge 24 tilsette | | |
| 6 | Årsmøte 2026<br><br>Val av styremedlemar:<br><br>Liv Grete og Cato står på val<br><br>Dagleg leiar gir Valnemnda(Helga Skei Nydal og Natalie Kildebo) beskjed om å starte arbeidet med å finne kandidatar<br><br>Presentasjon av rekneskap 2025 (overskot) og budsjettet for 2026<br><br>Forslag til vedtektsendringar:<br><br>Viser til sak 2 av styremøte 27.10.25 – styret vil ikkje gjere denne endringa i § 6 av Samvirkeforetakets vedtekter<br><br>Styret går inn for å endre på driftsvedtektene §5, 7 og 8<br><br>Gjeld barnehageåret start og slutt, opningstida i barnehagen samt betalingsmånadar. Vil bli presentert på Årsmøte i Juni (01.06.26) | | |
| 7 | Landsmøte 18.12.25<br>PBL holdt eit ekstraordinært landsmøte pga: | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | - 1. Endring av levrandør av pensjonsordniga for PBL barnehagane<br>- 2. Samt manglande finansiering frå regjeringa si side for ei god pensjonsordning<br>1. Landsmøte godkjente endring av leverandør frå Storebrand til Sparebank 1<br>2. Landsmøte gav Styret i PBL fullmakt til å kunne lage ei sak inn mot Landsmøte i Mai 2027: Dersom ikkje regjeringa går inn for full finansiering av pensjonskostnadane etter tariff, vil ein kunne melde barnehagen ut av tariffavtale sjølv om ein er medlem i PBL<br>Dette vil kunne gjere at veldig mange tilsette i PBL barnehagar står utan tariffavtale etter 2027 | | |
| 8 | Status i barnehagen<br>Siste månadane har vi hatt eit høgt fråvær<br>Masse skryt/ros til alle som har stått på noko enormt for å kunne holde opent gjennom ei tøff periode<br>Personalet er svært løysningsorienterte og har samarbeida på kryss og tvers av avdelingane for å få til dette. Mektig imponert og kjempe stolt av personalet<br><br>Alle vil bli invitert på eit sosialt treff like etter Påske, håpar alle 30 kan stille. Meir informasjon kjem etter leiarmøte 17.3 | | |